



Vårleg på Ljosnes men når ?

25.07.2012



Prospektkorta vi la ut i går har utløyst fleire opplysningar. Mykje tyder på at biletet frå brua mot holmen som vart fjerna er teke like etter 1960 og flyfotografiet omtrent 20 år seinare.

Biletet av holmen har kalla fram minner hos mange, til dømes om at det var store dansefestar der ute.

Når det gjeld fjerninga av holmen meiner mange at det var ein unødvendig operasjon bygd på opplysningar om utgraving som ikkje var korrekte. Kven har opplysningar om operasjonen?

I dag legg vi ut to prospektkort teke av Normann og som tydelegvis er tekne ved Ljosnes, eller meir eksakt i Ljosneslia. Dei er nok fotografert på den same ekspedisjonen - i fruktblomstringa - og har nokre interessante detaljar. Men når skjedde fotograferinga?

Normann var flink med plassering av noko som kunne identifisera bileta.

Kven er til dømes fiskaren i båten?

Og kven eig bilen som står parkert?

Ovanfor bilen sit ein kar. Kven er det?

Klikk på bileta, så får du fram detaljane!

Av Ola Matti Mathisen